

Hans-Arne Breivik  
Hans-Arne Breivik AS  
Svanevågen Prosjektutvikling AS  
Lihaugen, Breivik  
5337 Rong

11. mai 2011

Det Kongelige Olje og energidepartement  
Postboks 8148 Dep  
0033 Oslo

### **Merknader til NVE si innstilling til traseevalg 300 kV kraftledning Mongstad-Kollsnes**

Viser til NVE si innstilling til traseevalg 300 kV kraftledning Mongstad-Kollsnes og på vegne av meg sjølv (som eigar av gnr 45 bnr 1), Hans-Arne Breivik AS (som eigar av gnr 45 bnr 71, 72, 73 og 74) og Svanevågen Prosjektutvikling AS (som skal utvikla Svanevågen Resort) vil eg koma med følgjande merknader til innstillinga frå NVE.

Dei nevnte eigedomar ligg i eit område som kalles Svanevågen avmerka på vedlagte kart, vedlegg 1.

Viser og til kommentarer og merknader fra meg til BKK Nett AS som ble videresendt til NVE den 18.12.2007 og brev til NVE den 05.06.08 Av disse merknader kjem det fram at to større prosjekter i Svanevågen er i planleggingsfasen. Prosjekta omfatter utbygging av hotelresort med tilhøyrande anlegg. Det vil sei - hotell og restaurant, hytter og fritidsleiligheter, båthavn/marina og bustader med mer.

Planarbeidet for området er allerede formelt igangsatt, vedlagt følgjer ei planskisse av området. Visjonen for prosjektet:

*"Å utvikla eit heilskafeleg og profesjonelt konsept som inneheld ei serie av aktivitetar og tilbod som både fastbuande, tilreisande nasjonalt og internasjonalt har behov for eller ynskjer.*

*Me skal forma ein avgrensa tettstad i Svanevågen, med kultivering av landskapet for både aktive og rekreasjonsmessige naturopplevelingar".*

I forbindelse med rullering av kommuneplanen i Øygarden er følgjande forslag tatt inn i samfunnssdelen – sitat:

*"Planane om hotel på Svanneset i Breivik synest å innfri dei strenge krava som reiselivet stiller. Gjennom tidlegare politisk handsaming har Øygarden kommune stilla seg positiv til dette prosjektet. Dette er noko nyskapande som kan gje reiselivet i kommunen nye og fleire bein å stå på. Vidare kan prosjektet også utvikla kommunen som merkevare for naturopplevelingar knytt til sjøen og havet. kommunen bør difor støtta planane for dette prosjektet."*

Dersom alternativ 2 vert valgt som innstillinga frå NVE vil eg påpeika på det sterkeste at kraftledning i form av luftstrekk vil være svært uheldig og virka negativt på dette prosjektet.

Vegen inn til det planlagte utbyggings område i Svanevågen går frå Kollsnesvegen og fram til Svanevågen. Denne tilførselsvegen vil då gå tett inntil og paralet med kraftlinja i alternativ 2. Dette vil ikkje vera den beste førsteinntrykk tilreisande vil få av ein hotellresort

Av omsyn til å bevara naturen som eit grunnlag for turisme, samt å sikra egna bustadmiljø, må ikkje innstillinga til NVE om alternativ 2 verta godkjent av departementet. Alternativ 1 er i så måte langt meir skånsomt for natur- og miljø og vil kunna la seg gjennomføra utan at allmenne og private interesser knytta til natur, turisme og bustader må vika.

I Øygarden kommune er ein stor del av arealet knytta opp mot industri. Dette òg på Oøy der denne traseen er lagt. Oøy er på ca 6900 da, av dette er ca 3020 da industri – det utgjer ca. 44 %. Det er ikke nødvendig å båndleggja enda meir areal til industri og dette då i eit nytt område på ei øy som i utgangspunktet er sterkt nok industrialisert.

Ved valg av alternativ 1 vert det meir samordna med eksisterande industri – kraftledningstrase og gassrørtrase. Ein båndlegg ikkje nye område i så stor grad som ved alternativ 2 som innstiltt.

Vonar at departementet tek omsyn til mine merknader i høve til planar for utbyging som eksisterer i området.

Med helsing



Hans-Arne Breivik

Kopi:

Hans-Arne Breivik AS  
Svanevågen Prosjektutvikling AS





## SVANEVÅGEN RESORT VEDLEGG 1

### Reguleringsplaner


- Bustader
  - Rorbuer/næring
  - Den store planen
- Svanevågen Resort





# SVANEVÅGEN RESORT

## Formålsskisse VEDLEGG 2



[www.svanevagen.no](http://www.svanevagen.no)

